



Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	06.05.2015
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	<i>Olav Mongstad</i>		
Arkivsaknr.:	14/1710	Klassering:	FE - 223, TI - &01

Utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Geir Daae om vassframføring til byggefelt på Gnr 147, Toftegård

Vedlegg:

Utbyggingsavtale Geir Daae

Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae på gnr 147 Toftegård slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I K-sak 155/14 vedtok kommunestyret å dekke materiell, prosjektering, sprenging og rørleggarkostnad for vassanlegget til bustadfeltet til Geir Daae på Gnr 147 Toftegård. Vedtaket vart klaga inn til Fylkesmannen som lovlegkontroll. Kommunestyret handsama krav om lovlegkontroll 4. februar 2015 der dei opprettheldt vedtaka sine. Saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming. I brev datert 15.04.2015, informerer Fylkesmannen om si avgjerd om at kommunestyret sitt vedtak er gyldig.

Når dette no er avklart, legg rådmannen fram forslag til utbyggingsavtale med Geir Daae.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Beløpet det vart gjort vedtak om var 87 384,- kr. I tillegg vart det gitt momsrefusjon etter justeringsregelen.

Det er ikkje løyvingar på budsjettet i 2015 for slike føremål. Rådmannen si løysing er at det vedtekne beløpet vert utbetalt når abonnentar har betalt inn tilknytingsavgifter som dekkar beløpet. Det vert og laga overtakingsprotokoll der kommunen overtek ansvar for vassleidningen fram til tilkoplingskumma. Kommunen vil då stå som eigar av infrastrukturen og kan nytta midlar over investeringsbudsjettet.

Konklusjon

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae slik han ligg føre.

Sakspartar